FORPROSJEKT
GANG-SYKKELVEG EIVINDVIK

Samanbinding av Kultur- og Handelsplassen i Eivindvik, Gulen kommune

SAMANDRAG

Som løysing for mjuke trafikkantar vert det rådd til opphøgd gang- og sykkelveg med 3 m breidde langs veg med 4 meters bredde, mellom Handel- og Kulturplassen. Utbetring av veg fører til endring og justering av eksisterande avkøyringar langs traseen.

For Kulturplassen er det lagt vekt på å styrke plassen sitt særpreg og eigenart tufta på landskap og historie. Det er foreslått oppstraming av eksisterande parkering, tilrettelegging av gangareal, leikeplass, beplantning og møblering. Føreslåtte tiltak er grunna i ønsket om å gjere det triveleg for folk å stoppe opp og møtast, samstundes som plassen skal vere eigna til ulike kulturelle aktivitetar og arrangement.

På Handelsplassen har føreslåtte tiltak lagt vekt på å betre den trafikale situasjonen, og legge til rette for at folk kan møtast og opphalde seg utanfor butikkane på ein trygg og god måte. Ved å etablere meir plass til gangareal, opphalds- og møteplassar vil ein i mykje større grad legge til rette for at Handelsplassen kan vidareutviklast som ein sosial møteplass. Det har også vore fokusert på tiltak som vil opne opp mot sjø, då særleg mot vest og gjestehamna, der ein legg til rette for vidareutvikling av denne med utviding av kaiareal, samt samanbinding med fortau langs hovudveg.

Dato: 09.12.2020.
Oppdragsansvarleg: Janicke Svendal
Utarbeidd av: Margreth Bjørkum Jensen, Magdalena Renkas, Jane Berg Solheim, Janicke Svendal, Rune Melvær
Kvalitetsikring: Jan Inge Hage
Oppdrag nr. 2017181
Oppdragsgjevar: Gulen kommune
Foto framsida: iVest Consult

INNHALD

SAMANDRAG 2

INNLEIING 4

1.1 Beskrivelse av prosjektet 4

2. MØTEPLASS KULTUR – PRESTEKAIA/KULTURPLASSEN 5

2.1 Dagens situasjon 6

2.2 Moment/alternativ som har vore vurdert 7

2.3 Forslag til tiltak/utforming 8

3. MØTEPLASS - SANDALSKAIA/HANDELSPLASSEN 17

3.1 Dagens situasjon 18

3.2 Moment/alternativ som har vore vurdert 19

3.3 Forslag til tiltak/utforming 21

4. SAMANBINDING AV KULTURPLASSEN OG HANDELSPLASSEN 27

4.1 Dagens situasjon 27

4.2 Alternativ som har vore vurdert 28

4.2.1 Gangveg langs strandsona 28

4.2.1 Gangveg langs hovudveg med omlegging av tilkomst til bustader 29

4.3 Tilrådd løysing for gangveg 30

4.3.1 Vegløysing 31

4.3.2 Avkøyringar 38

5. KOSTNADSOVERSLAG 47

5.1 Kostnadsoverslag tilrådd vegløysing 47

5.2 Enkelt kostnadsoverslag tiltak Kulturplassen 48

5.3 Enkelt kostnadsoverslag tiltak Handelsplassen 48

6. DOKUMENT / VEDLEGG 49

INNLEIING

1.1 Beskrivelse av prosjektet

iVest Consult as har på oppdrag for Gulen kommune, utarbeidd forprosjekt for sentrumstiltak i Eivindvik. Det overordna målet med Forprosjektet er å utarbeide forslag til tiltak som gjev tilfredsstillande forhold for både gåande og syklande på den aktuelle strekningen. Det er i forprosjektet fokusert på følgjande forhold:

- Løysingar for tiltak i sentrum, med forslag til utforming av områda for å skape gode møteplassar, forslag til løysing for mjuke trafikkantar, vegløysing, parkering.

Forprosjektet byggar vidare på idéar beskrive i tettstadsanalyse for Eivindvik (Opticonsult as, 2008), samt Notat uarbeidd av Gulen kommune i samarbeid med Fylkeskommunen.

Forprosjektet er arealmessig avgrensa til dei to møteplassane i sentrum – møteplass for kultur («Prestekaia/Kulturplassen») og møteplass for handel (Sandalskaia/»Handelsplassen»), der samanbinding av desse møteplassane med ny gangveg er satt som hovudformål i arbeidet. Trase for veg og fortausløysing er difor detaljplanlagt.

Det vart halde oppstartsmøte med Gulen kommune for å gå gjennom innhaldet i arbeidet. I tillegg har iVest Consult gjennom prosessen vore på 2 synfaringar i Eivindvik, skissert ulike tiltak på arbeidsmøte med oppdragsgjevar og presentert utkast til mogelege tiltak på ope bygdemøte i februar 2018.

Arbeidet starta hausten 2017, men stoppa opp våren 2018 grunna bemanningssituasjonen i Gulen kommune. Arbeid med forprosjektet vart tatt opp igjen i 2020, med sluttføring november 2020.



Kart: kommunekart.no med skisse fra iVest Consult

2. MØTEPLASS KULTUR – PRESTEKAIA / KULTURPLASSEN

Heradshuset, kyrkja, steinkrossane og den gamle steingarden omkring prestegarden i Eivindvik er viktige historiske kulturminne. Dagens kyrkje var bygd på 1860-talet, og ligg på oppsida av Kulturplassen. Heradshuset som ligg på sjølve «Kulturplassen», var bygd av prost Niels Griis Alstrup Dahl i 1819 som bustad, og fungerte som prestebustad fram til 1902, deretter som kommunehus fram til midten på 1980-talet. Dahl fekk og bygd Prestekaia og ei trapp som går opp til kyrkja. Prestekaia og trappa er utført i naturstein.

Bruk av stein som byggemateriale var mykje brukt langs kysten i Norge, men då kanskje spesielt eit særtrekk ved byggeskikken i Gulen som hadde god tilgang til dette. Det var vanlig med steinsette veggar gjerne heilt opp til møne på bustadhus, løer, sjøbuer og naust, samt steingardar som skilte mellom utmark og innmark.

Tidlegare var sjøvegen viktigaste ferdselsåra, og Prestekaia hadde då ein viktig funksjon for fortøying av båtar. På kaia var det og eit omkledingsrom kor ferdsels-folket kunne skifte klede før gudstenesta.

Bilda: Prestebryggja og kyrkje 26.mai.1962 (gulen.kommune.no)

2.1 Dagens situasjon

Heradshuset vert i dag nytta til bibliotek. Framfor bygget er det eit mindre område med plen med enkel beplantning og eit par bord/benkar. Resten av Kulturplassen har i hovudsak dekke av grus, og framstår som eit utflytande parkeringsområde. Pr. i dag er plassen hovudsakleg nytta som parkerings-areal til dagleg bruk for tilgrensande aktivitetar (bibliotek, båthamn, nær-liggande arbeidsplassar, kyrkja osv), samt i samband med større arrangement i nærområdet.

Kulturplassen er nytta som arena for mellom anna 17.-mai-arrangement i bygda.

Ved sidan av den gamle steintrappa opp til kyrkja, vart det i nyare tid bygd eit sanitærbygg som service for båthamna. Dette bygget er i dag ute av drift.

Kaifront er etablert med natursteinsmur med inntrekt trapp ned til sjø.
Toppdekke på kaifront ligg på kring kote 0,7 meter, og vert såleis overfløymd ved høg vasstand. På kaiareal er det etablert renovasjonskonteinarar.
I sjø er det etablert flytebrygger med plass til ca. 85 småbåtar.

Bilda: iVest Consult

2.2 Moment/alternativ som har vore vurdert

Gjennom prosessen har det vore ønskjeleg å både stramme opp møteplassen, men og å ta med seg moment frå den historiske bruken av plassen.

Moment som har vore vurderte, men forkasta/reduserte i prosessen er:

- **Prestekaia:**

Det har vore ønskjeleg å få fram dei gamle murane og opne plassen mot sjøen. Den mest optimale løysinga for å oppnå dette ville vore å tatt vekk/relokalisert flyte-bryggene, men dette har ikkje vore tatt med som aktuell problemstilling. Det har vore vurdert å flytte/endre flytebryggene til å ligge berre i vestre del. Dette ville gitt langt færre båtplassar enn området har i dag. I drøftingar med oppdragsgjevar er det konkludert med at båtplassane er for viktige i lokalsamfunnet til å kunne redusere tilbodet ved Prestekaia. Forslag om endring er derfor forkasta, og båtplassane er vidareført slik dei er etablerte i dag.

- **Parkering:**

For å framheve dei historiske kvalitetane og vidareutvikle området som ein møteplass for kultur, ville det vore ein fordel å ta vekk bilar og parkering. I tilbakemelding frå oppdragsgjevar er det konkludert at parkeringsplassane er for viktige i lokalsamfunnet til å kunne fjernast, men at parkeringsarealet på Kulturplassen kan reduserast.

Bilda: iVest Consult

2.3 Forslag til tiltak/utforming

Gjennom Forprosjektet er det lagt vekt på å styrke Kulturplassen sitt særpreg og eigenart tufta på landskap og historie. Det har vore eit sterkt ønskje å kunne stramme opp plassen med utforming som gjer det triveleg for folk å stoppe opp og møtast, samstundes som plassen skal vere eigna til ulike kulturelle aktivitetar og arrangement.

Dersom ein gjennom arealdisponering lykkast med god tilrettelegging, vil ein legge betre til rette for fleire lokale arrangement, og såleis forsterke Kulturplassen som ein kulturarena og møteplass. Kulturplassen bør også nyttast som arena for formidling av historie, ikkje berre for prestekaia, men og for Eivindvik, for Gulen, og for Gulatinget.

Hovudlinjer og prinsipp i forslag til tiltak og utforming av Prestekaia/Kulturplassen:

Kart: iVest Consult

- **Heradshuset**

Historisk viktig bygg som må vidareførast og takast vare på. Huset vert i dag nytta som bibliotek, og vidare bruk/aktivitet i bygget er viktig for vern av bygget (vern gjennom bruk).
Tidlegare var det ein liten inngjerda hage framfor huset. I dag er det etablert ein opphøgd terrasse på framsida mot sjøen. Etter det ein kjenner til er denne ikkje vesentleg i bruk. Ved å knyte aktivitetar til denne, vil ein kunne styrke bygget sin rolle i forhold til Kulturplassen. Til dømes kan terrassen nyttast til utekafé der besøkande kan ta boka med ut i finvêret, scene ved arrangement, og liknande.

- **Open siktline mellom Heradshuset og sjøen**

Historisk var det sjøvegen folk kom når dei skulle til kyrkja. Dei gjekk då frå kaia over plassen mot steintrappa opp mot kyrkja. Ved å markere gangsone mellom etablert terrasse på Heradshuset (tidlegare Prestebustaden) og steintrappa på kaia, vil ein forsterke siktline mellom den tidlegare Prestebustaden og sjøen. Ein vil såleis ta med seg noko av den historiske bruken av plassen, sjølv om det ikkje nødvendigvis var akkurat denne traseen som var nytta historisk.

Bilde: iVest Consult

Bilde: iVest Consult

- **Konsentrere og avgrense parkering**

For å framheve dei historiske kvalitetane på staden blir det foreslått å avgrense parkering til vestre del av Kulturplassen. Det blir også tilrådd at parkeringsareal blir etablert på ein slik måte at ein avviklar all ålment biltrafikk på parkeringsplassen. Området vil såleis opplevast meir ryddig og eintydig, og ein avsett areal som kan vidareutviklast som kultur- og møteplass. Parkeringsarealet kan med fordel skjermast mot resten av området. Dette kan gjerast med beplanting, steinmur, gjerde eller andre material som stadfester historia.

- **Meir grøne område**

Ein tilrår å beplante med plen og anna vegetasjon på delar av areal som i dag vert nytta til parkering. Grøne områder og meir vegetasjon vil føre til at Kulturplassen vert meir innbydande og triveleg å opphalde seg i. Gamle bilete av Heradshuset syner at det tidlegare var tilknytt eit større hageanlegg, enn det som er der i dag. Vegetasjon der ein nyttar historiske artar vil dermed fremje det historiske kulturmiljøet. Bruk av historiske artar og plassering av desse, vil og forsterke aksen mellom Heradshuset og sjø.



Bilde: Parkering med grønn infrastruktur (pinterest.com)



Bilde: Historisk hage ved Andorsengården i Mandal siden tidlig på 1800-tallet (arkitektnytt.no)

- **Erstatte eksisterande sanitærbygg**

Eksisterande sanitærbygg er relativt av nyare dato, samt i dårleg forfatning. Bygget har som følgje av alder ikkje særskild bevaringsverdi. Det er difor tilrådd av sanitærbygget vert rive og erstatta med nytt bygg i same område. Det er foreslått å sette opp eit grindbygg som kan vere lukka i bakkant og ope i framkant. I dette bygget kan ein få plass til toalettfasilitetar og lager i bakkant, og areal som kan nyttast til møte- og kulturaktivitetar i framkant. Innanfor bygget kan ein henge opp informasjonstavle for å formidle historie. Ved å lokalisere bygget inntil steintrappa, på same plass som eksisterande bygg står i dag, vil ein kunne framheve denne. Steintrappa er eit historisk viktig element som knytt Kulturplassen til kyrkja ovanfor, og skal difor takast vare på.

Bilde: iVest Consult

Bilde: Forslag til informasjonstavle (kulturarv.dk)

Bilde: iVest Consult

- **Nytt bygg i den gamle båtstøen**

For tydeleggjere historia kan ein etablere eit naust og lunnar i den tidlegare båtstøa på Prestekaia. Bygget kan etablerast som grindbygg og med bruk av stein i konstruksjonen (t.d. steinsatt vegg). Eit slikt bygg vil kunne vise/tydeleggjere den historiske bruken av staden, i tillegg til gamal byggeskikk. Naustet kan i tillegg til å formidle historie i seg sjølv, også nyttast til å formidle historia til området gjennom å trykkje opp gamle bilete. For å forsterke historia ytterlegare kan det settast inn ein gamal kyrkjebåt/færing i bygget. Denne kan også plasserast i tak. Bygget må gjerne opnast for ålmenta, der ein kan opphalde seg under tak både til kvardags og ved større arrangement.



Bilde: Eivindvik, ca. 1898-1906 (wikimedia.org)

Bilde: iVest Consult

Bilde: Inspirasjon til fasaden (pinterest.com)



Bilde: iVest Consult

- **Turveg langs sjø**

I tettstadsanalysen for Eivindvik blei det føreslått å etablere gangtrase langs sjø mellom Kulturplassen og Handelsplassen. I dette forprosjektet er gangveg langs strandsona, som heilårs hovudløysing for gåande og syklande, forkasta (sjå kap. 4.2.1). Men ved å etablere denne som ein enklare konstruksjon, då som ein promenade for fritidsbruk, vil føreslått gangtrase langs sjø kunne realiserst på delar av strekninga. Den bør byggast slik at den framstår som ein «svevande konstruksjon (t.d. stålverk bolta i fjell), og følgje terreng rundt neset til der den kan knyte seg til eksisterande sti opp til hovudveg. Ny promenade vil kunne koplast til nye utsiktspunkt langs nytt fortau. Ein slik turveg langs strandsona vil ha ei positiv verknad på Eivindvik sentrum.

Bilde: iVest Consult



Bilda: Inspirasjonar - turveg langs sjø (pinterest.com)

- **Knyte saman Kulturplass og Badeplass**

Det er blitt i ei tidleg fase formidla ønskje om å knyte saman eksisterande badeplass vest for området, med Kulturplassen. Eksisterande tilkomstveg vestover er avslutta med ei uryddig fylling i sjø. Ved å fortsette etablert kaimur på Prestekaia vidare vestover i vika, vil ein kunne nytte også dette området til rekreasjon, samstundes som det knytt eksisterande badeplass til Kulturplassen. Med enkel tilrettelegging vil ein kunne ta i bruk denne vika også til bading.
Både Kulturplassen, eksisterande badeplassen, og vika imellom, vil få styrka sin verdi ved å knyte desse områda saman.

- **Leike- og aktivitetsplass**

For at Kulturplassen skal være eit område kor det skjer noko utover større arrangement, bør det tilretteleggast for leik og anna aktivitet. Anna aktivitet kan til dømes vere styrkeapparat som kan nyttast av både unge og eldre. Tilrettelegging for ulike aktivitetar, for ulike brukargrupper, vil styrke området som møteplass. At leikeplass og bade-plass ligg i tilknyting til toalettfasilitetar vil for mange vere viktig.



Kart: iVest Consult

Bilde: iVest Consult


Bilde: pinterest.com

- **Prestekaia**

Som nemnt ved å etablere mura kaifront vestover, vil ein samstundes kunne få lagt til rette for ein promenade langs sjøkanten. Denne kan med fordel lyssettast for å gje auka bruk gjennom heile året, samt at lys er stemningsskapande.
Denne bør etablerast med fast dekke og bestandig materiale som toler overflauming. Dette som følgje at store delar av Kulturplassen vert overflaumd ved høg vasstand.



Bilde: iVest Consult



Bilde: iVest Consult

Bilda: pinterest.com

Bilda: pinterest.com

3. MØTEPLASS – SANDALSKAIA / HANDELSPLASSEN

Eivindvik har historisk vore ein viktig møteplass i Gulen. I tillegg til å vere eit knytepunkt for rutebåttrafikk har Eivindvik hatt viktige funksjonar som lensmann, lege og prest. Handelsplassen ligg på Sandalskaia, som blei bygd på starten av 1900-talet av Peder R. Sandal, ekspeditør for Fylkesbaatane. Butikken blei flytta til kaia i 1905, og utover 50- og 60-talet blei det bygd eit nytt forretningsbygg og lagerbygg med bustad. I 1979 blei Eivindvik Vertshus bygd ved Handelsplassen. Hotellet har sidan den gongen hatt fleire eigarar og har bytta namn til Eivindvik fjordhotell. På 80-talet blei det bygd ny forretning i samanheng med tre tidlegare butikkar.

Bilda: Sandalskaia,26.mai.1962 (gulen.kommune.no)

3.1 Dagens situasjon

Området på Sandalskaia/Handelsplassen er framleis viktig som knytepunkt for handel, og buss- og rutebåttrafikk. Her er det lokalisert matvarebutikk, blomsterbutikk, kafé, legesenter, hotell, i tillegg til gjestehamn med sanitæranlegg og anlegg for fylling av drivstoff til bil og båt. Store delar av ubebygd areal er i dag nytta som trafikkareal og til parkering av biler, med asfaltert dekke. Plassen er utflytande og har dårleg merking knytt til vegbane og parkering. Eksisterande løysing for varelevering til Sparbutikken skjer ved rygging langs austre side av bygget, via ei bratt rampe. Inngangen til legesenteret ligg på oppsida mot hovudveg og i eit utflytande trafikkareal.

Det er i dag avgrensa tilkomst til store delar av kaiareala. Gjestehamna er lite tilgjengeleg frå Handelsplassen med dårleg tilkomst, då ein må gå rundt dei eksisterande bygga og langs eit smalt kaiareal og gjennom ei sjøbu. Passasje gjennom sjøbu tilfører området noko unikt og er såleis positivt, men smal gangtrase/gangbru hindrar mange tilkomst til gjestehamna. Sanitærfasilitetar i tilknyting til hamneanlegget framstår som gamalt og utdatert.

Som følgje av at gjestehamna er etablert på motsett side av den sida butikkane vender seg, opplevast gjestehamna som ei bakside, avstengt frå det som skjer på Handelsplassen.

Handelsplassen ber preg av at bygd situasjon er blitt til undervegs, og på bilen sine premissar. Det same gjeld for gjestehamna.

Bilda: iVest Consult

3.2 Moment/alternativ som har vore vurdert

Gjennom Forprosjektet er det blitt vurdert tiltak for å betre den trafikale situasjonen på Handelsplassen, og ulike tiltak for å legge til rette for sosiale møtepunkt mellom folk. Heile den trafikkale situasjonen på Sandalskaia er i konflikt med intensjonen om å skape sosiale møtepunkt mellom folk.

Skal ein skape ei heilheitleg løysing må ein rive og bygge om eksisterande bygg på Handelsplassen/Sandalskaia. I tilbakemelding frå kommunen er det sagt at skisserte tiltak vedkjem privat grunn, og vil vere kostnadskrevjande. Større tiltak som inneberer riving av bygg er difor ikkje tatt med vidare i Forprosjektet.

Moment som har vore vurderte, men forkasta eller reduserte i prosessen:



Kart: iVest Consult

- **Trafikkareal og parkering:**

Tidleg i forprosjektet var fokus å strukturere og stramme opp køyreareal gjennom å etablere eit tydeleg skilje mellom trafikkareal og gangareal. For å løyse dei trafikkaleutfordringane har det vore viktig å stramme opp trafikkareala gjennom å avgrense kor bilar kan køyre og parkere. Ved å etablere snuplass nede på kaia vil ein kunne skape betre trafikkflyt og -tryggleik, spesielt på dagar med mykje trafikk. For å kunne etablere ei slik løysing vil det vere behov for å rive eksisterande rødt og kvitt murbygg på kaiområdet.
Ved å rive bygg vil ein og kunne etablere større samla parkeringsareal, noko som vil gjeve betre parkeringstilhøve på Handelsplassen.

Eksisterande løysing for varelevering til Spar skjer ved rygging langs austre side av bygget, via ei bratt rampe. Det har derfor vore ynskjeleg å flytte vareleveringa frå der den er i dag, då dette ikkje er ei god løysing med omsyn til harde og mjuke trafikkantar. For å betre situasjonen kring varelevering må butikken byggast om slik at varemottak kan skje på ein annan måte enn i dag. Dersom varelevering kan skje på anna stad vil ein kunne etablere parkering langs heile austre del av Sparbygget.

Bilda: iVest Consult

- **Opne opp mot sjø og gjestehamn:**

Eksisterande raudt hus på kaia med garasje/bensinstasjon mm, er som sagt foreslått rive grunna trafikale tilhøve. Men riving av bygget vil også opne området meir mot sjø, og mot den nye plassen til hotellet, noko som vil knyte områda betre saman. Bensinpumpene på kaia kan behaldast, medan bensinpumpene for køyretøy kan flyttast til eit nytt bygg.
Ved å opne opp mot plassen vest for hotellet vil ein kunne etablere tilkomst dit, og såleis moglegheit til å etablere bobilparkering på staden.
Bobilparkering på Sandalskaia blei på bygdemøte spelt inn som ønskje.

I dag er det dårleg gangtilkomst til gjestehamna då ein må gå rundt dei eksisterande bygga.
For å opne opp mellom Handelsplassen og gjestehamna er det foreslått å rive det smale murhuset mellom Sparbutikken og det gule huset som blomsterbutikken ligg i. Dette vil gi passasje mellom gjestehamna og Handelsplassen, og områda vil i enda sterkare grad knytast saman.
Opnare kaiområde vil endre inntrykket av at gjestebrygga ligg «på baksida».

3.3 Forslag til tiltak/utforming

Gjennom Forprosjektet er det som nemnd lagt vekt på å betre den trafikale situasjonen på Handelsplassen, og legge til rette for at folk kan møtast og opphalde seg utanfor butikkane på ein trygg og god måte.

Ved å etablere meir plass til gangareal, opphalds- og møteplassar vil ein i mykje større grad legge til rette for at Handelsplassen kan vidareutviklast som ein sosial møteplass.

Det har også vore fokusert på å opne opp mot sjø, då særleg mot vest og gjestehamna, der ein legg til rette for vidareutvikling av denne.

Hovudlinjer og prinsipp i forslag til tiltak/utforming av Sandalskaia/Handelsplassen:



Kart: iVest Consult

- **Trafikkareal og parkering**

Det er viktig å løyse den trafikale situasjonen ved å betre tilhøva for dei mjuke trafikantane. Det bør difor tilretteleggjast på dei gåande og syklande sine premissar. Då det ikkje skal utførast større strukturelle endringar på Handelsplassen, er det føreslått mindre omfattande tiltak, men som framleis vil gi ei betring av dagens situasjon. Mellom anna bør ein tydeleggjere soner for mjuke og harde trafikantar. Forslag til tiltak er mellom anna å merke opp parkering vest for bankbygget. Ved å fjerne vegetasjon og planere areal kan parkering her etablerast nærmare bygg. Det kan då merkast opp tydleg køyrelinje ned til kaiareal, noko som gir rom for å etablere meir bredde på fortau langs etablert rekkverk ned til Handelsplassen. Ved rampe for innkøyring til vareleveringa til Spar bør det merkast for overgang. Etter trapp og rampe ned til Spar bør det også oppmerkast for parkering ned til kaia.
Utanfor Gulen Helsesenter bør det etablerast opphøgd fortau langs hovudveg, med kantstein, der denne vert nedsenka for å markere avkøyrsle. Foran helsesenteret bør det også markerast opp for parkering.

- **Opne opp mot sjø og gjestehamn**

For å opne opp mellom Handelsplassen og gjestehamna vert det føreslått at 1. etasje i det kvite murbygget (søre del av Sparbutikken) blir erstatta eller transformert til eit bygg med meir transparent fasade mot sjø og Handelsplassen. Bygget vil såleis vere ei samanbinding mellom sjø/gjestebrygga og Handelsmøteplassen. Bygget kan innreiast med kafé eller liknande som vender seg både aust og vest, og med tilkomst til butikkar på begge sider.

Bilde: vestre.com

Bilda: iVest Consult

- **Vidareutvikle gjestehamna**

Eksisterande sanitæranlegg i gjestehamna framstår som gamalt og utdatert og bør derfor oppgraderast. For å kunne opne opp mest mogleg bør anlegget flyttast til annan lokalitet/bygg.
Ein kan etablere nytt bygg for sanitæranlegg langs delar av fasade for Sparbutikken og såleis gje eksisterande fasade eit løft.

Dersom det ikkje let seg gjere å flytte sanitæranlegget, kan ein oppgradere anlegget der det står i dag. I tillegg til oppgradering av sjølve anlegget bør ein også oppgradere fasaden. Eit oppgradert sanitæranlegg vil gjere gjestehamna meir attraktiv. Utarbeidd illustrasjon viser ei fasade som gjenspeglar sjølandskapet i vest.

Vidare er kaiareal ved gjestebrygga foreslått utvida vestover for å opne opp og gi større plass. Dette kan etablerast med t.d. trebrygge.
Ved å utvide kaiarealet her legg ein til rette for å kunne etablere ulike tiltak som gjer området meir attraktivt for bruk, då både for dei som kjem sjøvegen og for andre.
Tiltak kan til dømes vere benkar og bord, hengekøyer innfelt i brygge, samt transparent dekke og eventuelt fiskeluke der det og blir etablert lys under sjø. Lyssetting i sjø vil både vere stemningsskapande og skape interesse for det som skjer under brygga.

Det blir tilrådd å knyte saman bryggeområde saman med fortau langs hovudveg med ei trapp.

Utviding av kaiområde , tilknyting til fortau, samt inngang til butikk/kafé vil kunne endre inntrykket av at gjestebrygga ligg «på baksida».

Det kan med fordel etablerast informasjonstavler på kaiområdet som viser reisande ulike attraksjonar i området og elles i kommunen. Dersom ein etablerer dette som ei «levande tavle/skjerm», aktuell oppdatert informasjon til besøkande, i tillegg til å kunne vise langt fleire attraksjonar.

Bilde: Inspirasjon til kaia (pinterest.com)

Bilde: iVest Consult

Bilde: iVest Consult

- **Transformere naust**

Ved utviding av kaiområde bør det tilretteleggast ein grillplass på land som gjestar og andre kan nytte, uavhengig av ver. Dette kan gjerast ved å ta i bruk etablert naust mot hovudveg der ein opnar opp naustvegg mot kaia og sjø. Dette vil skape tilgjengeleg maritim møteplass med sjel som tilfører området ein kvalitet.
Utvikling av gjestehamna med tilrettelegging for meir aktivitet, og betre tilgjengeligheit, vil gjere hamna meir attraktiv for besøkande.



Bilda: Inspirasjonar til grillplass (pinterest.com)

Bilda: pinterest.com





Bilda: pinterest.com

4. SAMANBINDING AV KULTURPLASSEN OG HANDELSPLASSEN

4.1 Dagens situasjon

Vegen mellom dei to sentrumsområda i Eivindvik, «Handelsplassen» og «Kulturplassen» er ein kommunal veg (KV1014). Vegen er skuleveg for born som bur vest for Eivindvik sentrum samt tilkomstveg til Sollibotn kai. Ved handelsplassen og austover byrjar fylkesveg 605.

Vegen mellom handelsplassen og kulturplassen er smal og til dels uoversiktleg. Vegbreidda varierer frå mellom 4 og 5 m. Fartsgrensa er 30 km/t. Dagens avkøyringar er bratte og har dårleg sikt.



Bilda: iVest Consult

4.2.1 Alternativ som har vore vurdert

I 2008 føreslo Opticonsult i sin rapport etablering av ein einfeltveg med breidde på 3m, og gang- og sykkelfelt på 2,5m. Gang- og sykkelvegen blir der føreslått å ha eit anna dekke eller tilsvarande, for å skilje felta, der gang- og sykkelveg skal kunne brukast dersom to køyretøy møtast. Denne løysinga er vurdert til å ikkje ivareta mjuke trafikantar, då særskilt skuleborn sin tryggleik, på ein god nok måte.

I forprosjektet er det blitt vurdert to alternativ til løysing for gangveg mellom dei to møteplassane som ikkje er tatt med vidare:

- Gangveg langs strandsona
- Gangveg langs hovudveg med omlegging av tilkomst til bustader

4.2.1 Gangveg langs strandsona

Gangveg langs strandsona, som heilårs hovudløysing for gåande og syklande mellom dei to plassane. Dette er mellom anna grunngjeven med:

- Vegstrekk er lengre enn trase langs hovudvegen, og kan redusere bruken (folk vel kortaste strekk).
- Høgdeskilnad mellom strandsone og hovudveg, gjer at vegen må leggast i bakke i aust for å møte veg og eksisterande fortau. Bakken vert vanskeleg å utforme universelt.
- Motbakke kan opplevast som barriere, og dermed redusere bruken i forhold til behov for m.a. skuleelevar.
- Heilårsgangveg bør utformast i fast materiale, som toler vedlikehald og brøyting, og vil då innebere store inngrep i strandsona, både terreng og eksisterande bygg/tiltak i og langs strandsona.
- Strandsona har sin historikk som er viktig, og som vil bli redusert ved heilårs gangveg.
- Bygd situasjon med private bustadar og naust vanskeleggjer realisering av tiltaket.

Bilda: iVest Consult

4.2.2 GANGVEG LANGS HOVUDVEG MED OMLEGGING AV TILKOMST TIL BUSTADER



Utsnitt frå arbeidsteikning: iVest Consult

Forslag til omlegging av tilkomst med ny veg via Eivindvikskaret, over gamle barnehagetomta og langs nordsida av bustadene langs fylkesvegen.

Positive sider ved forslag til løysing:

- Trafikktrygg tilkomst til bustadene
- Større handlingsrom i sentrum og tryggare trafikkløysing i sentrum.

Negative sider ved forslag til løysing:

- Store kostnader ved sanering av eksisterande avkøyrsler, og etablering av ny tilkomstveg.
- Må rive bustadbygg på eigedomen 15/44
- Bustadene må truleg byggast om når innkøyring vert frå nord
- Ikkje universell utforming
- Fleire eigedomar får brattare tilkomst enn i dag, ein eigedom får slakare tilkomst.

4.3 Tilråd løysing for gangveg



Utsnitt frå C01: iVest Consult (sjå eige vedlegg)

Vi vil tilrå å gå vidare med gangveg langs hovudveg med redusert køyrebane. På grunn av mangel på areal har vi tilrådd ei løysing med einfelts køyreveg med 3 meters breidde, og gang og sykkelveg med 3 meters breidde, lagt på utsida mot sjøen. I forslag er køyrebane og gangveg skilt (bør unngå fellesbruk av gangvegareala, då det gir usikre trafikktilhøve).

Positive sider ved forslag til løysing:

- Kort og effektiv trase for gang- og sykkelveg
- Kan utformast universelt
- Kan tilrettelegge for utsiktslommer/møteplassar mot sjø langs gangvegen, som kan binde vegen og sjøen saman. Mogelegheiter for bord/benker i utsiktslommane.
- Kan utformast med barriere mot køyrebane (kantstein e.l)
- Plass til minst ein møteplass for køyretøy, på køyrebanesida
- Sanering eller utbetring av eksisterande uoversiktlege avkøyrsler, og meir trafikktrygg løysing

Negative sider ved forslag til løysing:

- Lite areal for løysing av avkøyrslene, vert framleis bratte og med lite sikt, og trongt å manøvrere (ikkje i samsvar med vegnormalar).
- Litt betre enn i dag for dei på oppsida, best på sørsida, men denne må krysse fortau.
- Naust på gbnr. 15/263 må rivast. Alternativt kan det vere mogeleg å vurdere ombygging/endring på naustet med gangveg/fortau over ca. halve taket.
- Kostnader ved omlegging av eksisterande avkøyrsler og endring, innløysing av naust.

4.3.1 Vegløysing

Til å dimensjonere vegen er Statens Vegvesen si handbok N100 – Veg- og gateutforming lagt til grunn. Vegen er tenkt utbetra med utgangspunkt med krav gjeve for lokale veger «L1-veg» når det gjeld breidde. Denne kan etablerast som ein ein-felts veg dersom ÅDT er mindre enn 500.

I tettstadanalysa til Opticonsult er ei trafikkteljing frå 2008 på fylkesvegen mellom Tusenårsstaden og Eivindvik omtalt. ÅDT frå denne er berekna til 351. Tal frå 2019 frå Statens Vegvesen mellom Eivindvik og Nordgulen syner ÅDT lik 350. Då det er lite busetnad mellom Nordgulen og tusenårsstaden, kan ein anta at trafikkmengda for desse målingane er samanliknbare. Ein kan såleis anta at trafikkveksten mellom 2008 og 2019 har vore særs avgrensa. Utan ei trafikkteljing må ein gjere antakingar knytt til ÅDT for vegen mellom handels- og kulturplassen. Ein går ut i frå at trafikkmengda samt trafikkvekst på gjeldande vegstrekke samsvarar med trafikkmengda til handelsplassen frå fylkesvegen. Med dette som grunnlag kan ein anta ein særs avgrensa trafikkvekst i dei komande åra.

Bilde: google.com/maps

Jamført med N100 bør det ved ein-feltsvegar etablerast møteplassar kvar 250m, men aldri lenger enn at ein ikkje har sikt mellom møteplassane.

På vegen mellom handelsplassen og kulturplassen anbefaler ein at ein etablerer ein møteplass rett sør for kyrkja. Som følgje av svingen rundt neset vil ein ikkje kunne ha sikt til neste møteplass. Det er difor anbefalt breiddeutviding tilsvarande to-feltsveg gjennom denne svingen. Dette medfører ei utviding av vegbana til 7,5 m inkl. skulder gjennom svingen.

Breiddeutviding bør elles følgje krav gjeve i N100. Det er anbefalt å mure i jordskjæringar, dette for å spare areal i eit utfordrande terreng, der kor det er behov for muring, anbefalast det å bruke natursteinsmur.
Det er satt av 1,2 m til grøft.

Bilde: iVest Consult



Bilde: google.com/maps

Bilde: iVest Consult





Bilda: pinterest.com

Bilda: iVest Consult

Når det gjeld trasé og lineføring har terrenginngrep, samt minst mogleg inngrep i eksisterande situasjon vore førande. Spesielt viktig har det vore å unngå riving av trapp og mur bak Heradshuset. Dette medfører ei kurve gjennom svingen lik R=15 og breidde-utviding lik 1,5 m på kvar side. Naust på eigedom 15/236 må rivast/omstrukturerast. Dette for å sikre tilkomst til eigedom 15/64. Ein kan vurdere om ein skal støype eit flatt tak på naustet, og nytte dette til eit utkikkspunkt med evt trapp ned til handelsplassen.

Som løysing for mjuke trafikkantar vert det rådd til opphøgd gang- og sykkelveg med 3 m breidde. Eit slikt skilje mellom harde og mjuke trafikantar vil gje betre tryggleik for born på skulevegen. Dette i samsvar med krav gjeve i N100.

Tal på gåande og syklande gjeld maksimaltimen i eit normaldøgn. Ein gang- og sykkelveg med breidde på minimum 3 m har betydeleg større kapasitet til mjuke trafikantar.
Med eit ønskje om fortetting av Eivindvik sentrum vil tilrettelegging for mindre bruk av bil på korte avstandar vere viktig. Anbefalt løysing for gang- og sykkelveg vil vere vesentleg i ein slik samanheng.

Bilde: Naust på eigedom 15/236 - iVest Consult



Tabell D.7: Bredder for gang- og sykkelveg og sykkelveg med fortau, eksklusive skuldre (mål i m)

Gående pr time/ Syklende pr time	<15	15-100	100-200	>200
<15	Gang- og sykkelveg=2,5	Gang- og sykkelveg=3		
15-300	Gang- og sykkelveg=3	Sykkelveg=2,5 Fortau= 1,5		Sykkelveg=2,5 Fortau= 2
300-1500	Sykkelveg=3 Fortau= 1,5	Sykkelveg=3 Fortau= 2		
> 1500	Sykkelveg=4 Fortau=1,5	Sykkelveg=4 Fortau= 2		Sykkelveg=4 Fortau= 2,5

Vidare vil ein separat gang- og sykkelveg vere ein naturleg vidareføring av fortauet aust for kulturplassen, samt inngå i ein heilskapleg plan om gang- og sykkelveg heilt til skulen. Plassering av gang- og sykkelvegen på sørsida av køyrebana opnar for moglegheiter til å skape utkikkspunkt og andre sosiale møteplassar.



Eksisterande situasjon ved naust, og mogeleg framtidig situasjon ved riving av naust

Bilda: Naust på eigedom 15/236 - iVest Consult

4.3.2 AVKØYRINGAR

Dagens avkøyringar er bratte og har dårleg sikt. Det er med aktuelt vegalternativ ikkje mogleg å reetablere avkøyringane i samsvar med gjeldande krav til kurvatur. Det har vore førande å ikkje gjere situasjonen verre enn i dag.
Siktkrav for ein L1-veg er 105m. Fartsgrensa på ein slik veg er inntil 80 km/t. For aktuell veg er fartsgrensa lik 30 km/t. Det er såleis fornuftig å nytte siktkrav for L2-veg, lik 45 m. Avkøyringar kan òg fungere som møteplassar mellom personbilar.



Utsnitt frå C01: iVest Consult (sjå eige vedlegg)

62000 – Veg til rådhus
Eksisterande situasjon: Breidde omlag 6 m, stigning omlag 8%.
Ny breidde 4,5 m, stigning omlag 8,5 %. Vegen er justert jf. Breiddeutviding i hovudveg.



Utsnitt frå C01: iVest Consult

Bilde: google.com/maps

Bilde: iVest Consult

Etablering av fortau i tilknyting til vegbane langs heile vegtraseen.

Separere gangveg frå vegbane i ein mindre del av trase nord for Heradshuset.

Bilda: iVest Consult

63000 – veg til 15/263
Eksisterande situasjon: Breidde omlag 2,5m, stigning omlag 17%
Beheld eksisterande breidd og stigning men justerer påkøyring til hovudveg.
Her bør vere nedsenka fortau, avgrensa med kantstein.



Utsnitt frå C01: iVest Consult

Bilde: google.com/maps

Bilde: iVest Consult

64000 – veg Borgstova, snuplass, utbetrast vidare
Eksisterande situasjon: Breidde omlag 3,4 m, stigning omlag : 17,5%
Vegen bør ha minimum breidd lik 3,5m, ny stigning omlag 18%.
Denne vegen bør erstatte eksisterande veg til kyrkja. Ein bør såleis utbetre hårnålsvingen nord for kyrkja. Evt etablere ein snuplass.



Utsnitt frå C01: iVest Consult

Bilde: google.com/maps

Bilde: iVest Consult

66000 – veg til kyrkja
Denne vegen bør erstattast av veg 64000. Dette med omsyn til dårlege sikttilhøve i samband med sving rundt neset. I tillegg er denne vegen svært bratt. Det blir tilrådd at denne vegen blir skilta som gangveg.



Utsnitt frå C01: iVest Consult

Bilde: iVest Consult

Bilde: iVest Consult

68100 – veg til 15/1/3
Eksisterande situasjon: Breidde omlag 2 m, stigning omlag : 21 %
Hovudvegen er her flytta nordover for å sikre tilkomst til 15/162.
For at denne avkøyringa ikkje skal bli brattare, samt for å gje betre sikttilhøve er denne vegen anbefalt flytta vestover. Ny breidde lik 2,5 m og stigning omlag 20,5%. Ei slik flytting medfører at ein må kjøpe ut omlag 90m2.



Utsnitt frå C01: iVest Consult

Bilde: iVest Consult

Bilde: iVest Consult

68200 – veg til 15/33 og 15/34
Eigedomane 15/34 og 15/33 har i dag kvar sin avkøyring frå hovudveg.
Eksisterande situasjon for 15/34: Breidde 2,7 m og stigning omlag 24,5%.
Eksisterande situasjon for 15/33: Breidde 3 m og stigning omlag 19%.
Det anbefalast å slå saman desse to avkøyringane, dette for å betre sikta samt avgrense antall avkøyringar til hovudveg.
Ny breidde lik 3m og stigning omlag 13,5%. Ny avkøyring kryssar begge eigedomar.



Utsnitt frå C01: iVest Consult

Bilde: iVest Consult


Bilde: iVest Consult

68300 – veg til 15/64
Eksisterande situasjon: Breidde omlag 2m, stigning omlag 17,5 %.
Beheld breidde og stigning som i dag, men rår til justering av horisontalkurvatur ved hovudveg, dette for å betre sikttilhøva.



Utsnitt frå C01: iVest Consult

Bilde: iVest Consult

Bilde: iVest Consult

5. KOSTNADSOVERSLAG

I kostnadsvurdering av veg/gang- sykkelveg er masserapportar, samt einingsprisar ut frå erfaringstal lagt til grunn. Dette inkludera då 12% til administrasjon, prosjektering og byggeleiing, og 10% til risiko og reserve.

I kostnadsvurdering av tiltak på Kulturplassen og Handelsplassen er einingsprisar for element og tiltak satt ut frå erfaringstal frå tilsvarande tiltak av nyare dato, og frå Norsk prisbok 2020-prisar. I dette er det lagt inn grunnarbeid der dette er vurdert naudsynt, og det er lagt til 40% påslag for risiko, reserve, administrasjon, prosjektering og uforutsette moment.

Etablering av tiltak kan delast opp i fleire fasar og kan skje over fleire år.

5.1 KOSTNADSOVERSLAG TILRÅDD VEGLØYSING

	Pris utan mva	Eining	Mengde	Skildring/Kommentar
Veg				
Hovudveg m/ gang og sykkelveg	kr 5 000 000	m	320	Grunnarbeid, dekke, rekkverk
Justering avkøyringar	kr 750 000	stk	6	Endring/omlegging av avkøyrsler
Overbygd gang- og sykkelveg	kr 850 000	m	20x2,5	Delvis brukonstruksjon
Sosial møteplass	kr 700 000	m2	200	Utsiktspunkt langs gang- og sykkelveg, kombinert dekke skifer i betong/brostein i sand, møblering
Sum	kr 7 300 000			

Bilde: overbygd gang- og sykkelveg, iVest Consult

Bilde: sosial møteplass, pinterest.com

5.2 Enkelt kostnadsoverslag tiltak Kulturplassen

	Pris utan mva	Eining	Mengde	Skildring/Kommentar
Kulturplassen				
Parkeringsplass	kr 350 000	stk	30	Asfalt kombinert med brostein
Grindbygg med sanitæranlegg	kr 1 350 000	stk	1	Grindbygg på 30m2 , Sanitærdel 20m2, 35m2 murvegg
Grindbygg/naust	kr 700 000	stk	1	Grindbygg på 32m2 , delvis åpen konstruksjon
Veg frå kulturplass til badeplass	kr 500 000	m	45x2	Mur med fylling innside, promenade med dekke skifer i betong
Prestekaia, murt front inkl. lys	kr 1 300 000	m	110	Kant av stein og skifer i betong, inkl. lyssetting av promenade
Belegning/dekke gangsone	kr 4 200 000	m2	1500	Belegning/dekke (skifer i betong/brostein, brostein i sand)
Natursteinsmur	kr 120 000	m	40x1	Lav natursteinsmur rundt leikeplass
Leike- aktivitetsplass	kr 250 000	m2	70	Falldekke, apparat, møbler
Møblering og beplatning	kr 100 000			Beplanting og møblering
Sum	kr 8 870 000			



Bilda: dekke gangsone, natursteinmur
pinterest.com

5.3 Enkelt kostnadsoverslag tiltak Handelsplassen

	Pris utan mva	Eining	Mengde	Skildring/Kommentar
Handelsplassen				
Trafikkareal og parkering	kr 1 640 000			Forlenging av fortau, utviding parkeringsplass, oppmerking, soneinndeling
Oppgradering sanitæranlegg	kr 650 000	stk	1	30m2 innomhus og utvendig fasade
Utviding av gjestebryggje	kr 3 800 000	m2	450	Pela kai med tredekke
Trapp	kr 150 000	stk	1	Trapp i metal frå fortau til gjestebryggje
Transformasjon naust	kr 200 000	stk	1	65m2 , opne vegg, endring gulv, vegger, div.
Møblering	kr 100 000			Sittebenker, solbenker, sirkelbenker, plantekasser i gjestehamn og på Handelsplassen.
Sum	kr 6 540 000			

Bilda: dekke gjestebryggje, trapp
pinterest.com

6. DOKUMENT / VEDLEGG

1. C01 - plan og profil - 30.11.2020 - 1:500 (A1)

Strandgata 15 - N-6900 Florø - Norway
T: +47 9762 7000 - F: +47 5775 2990
Epost: post@ivestconsult.no
www.ivestconsult.no